

Referat frå møte i det kommunale foreldretvalet for skule og barnehage 23.4.2019.

Til stades:

Tussejuv barnehage: Anne Kjersti Aase
Heddeli barnehage: Kristine Heimdal Kleiv
Flatdal barnehage: Sara Fjågesund Aase
Åmotsdal barnehage: Hilde Laila Dyrland
Flatdal skule: Ingunn Furuvald og Beate Våge Lia
Seljord barneskule: Geir Halvor Haugen og Kevin Rue
Seljord ungdomsskule: Jorunn Hegni og Lene Brekke
Kommunalsjef Even Fossum Svendsen
Pedagogisk konsulent Tone Bøhn

Saker:

- Sak 09/19: Satsing, «Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Orientering om satsinga i Seljord kommune. Gjennomgang av den lokale planen, mål for arbeidet og tiltaksdelen. Viktig å trekke foreldra med. Temaet har vore oppe i foreldremøte ved fleire avdelingar. Vi jobbar vidare med storforeldremøtet, det er eit viktig tiltak for å trekke foreldra med, sjå sak 10/19. Ungdomsskulen har jobba mykje med inkludering og ungdomsmiljø, spesielt med inkludering av flyktningane. Drøfting av korleis foreldra kan bli trekt inn og kva foreldra kan bidra med når det gjeld inkludering, sosiale arrangement o.l.
- Sak 10/19: Storforeldremøte hausten 2019
Møtet ble avlyst i vår. Vi prøver å få til nytt møte til hausten. Kommunen har kontakt med Pål Roland ved Læringsmiljøsentret og håpar å få til eit storforeldremøte om kvelden, kanskje i kombinasjon med kursøker for personalet i skule og barnehage på dagen. Vi sender ut informasjon om dato og opplegg så raskt som mogleg, og så ber vi om hjelp til marknadsføring av arrangementet. Vi tek opp saka på nytt på fyrste KFU-møte til hausten. Kan vere aktuelt å ha med nokre foreldrerepresentantar i ei arbeidsgruppe for arrangementet.
- Sak 11/19: Endringar til hausten, orientering.
Brev med orientering er sendt ut.
Hovudendringa er at ein del avdelingar blir slått saman. I tillegg blir det 5 dagars skule for 1.-4.klasse til hausten, og tilboda i barnehage og SFO blir noko redusert. SFO blir ein del endra ved overgang til 5 dagars skuleveke.
Vi har kjøpt inn nytt administrativt system for barnehage og skule. Dette vil vi byrje å bruke ved nytt barnehage – og skuleår.
Vi håpar dette vil forenkle søke- og svarprosessen for både barnehage og SFO. Frå hausten 2019 kuttar vi ut papirskjema for SFO.
Skuleskyss. Det blir nokre endringar i skyssopplegget grunna både Århus-Gvammen-tunellen og periodestenging Seljord - Bø.

Det har vore ein del reaksjonar på reduksjon av tilboda i barnehage og SFO, med at vi no berre skal tilby 3 og 5 dagars tilbod. Det er og ein del reaksjonar blant foreldre på at det ikkje er syskenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO.

Vi må ta til etterretning at nokre foreldre opplever informasjonen om dei nye endringane som for dårleg.

Sak 12/19: Omstillingsprosess i skule og barnehage. Innspel til tiltaksplan
Skule og barnehage har gjennomført analysar. Ting som må handterast som tiltak, blir overført til ein handlingsplan. KFU blir invitert til å kome med innspel til planen på bakgrunn av analysane (blir lagt ut i KFU Dropbox).
Juridisk vil vi leggje ned avdelingane og opprette tre nye einingar; Seljord barne- og ungdomsskule, Seljord barnehage og Flatdal oppvekstsenter. Gjennomgang av tiltaksplanen etter analysene ved alle avdelingane. Vi har jobba med å sjå på både utfordringar og kva som er mogleg med dei nye einingane. Kan vere positivt med dei nye einingane at det blir lettare å setje saman gode baregrupper i barnehagane. Mange er bekymra for at FAU ved Seljord skule kan bli for sprikande med både barnesteg og ungdomssteg. Foreldra ved Flatdal skule håpar at den gode utviklinga i Flatdal SFO held fram med det nye oppvekstsenteret. Er bekymring for at dei nye avdelingane innanfor nye einingar kan halde seg for seg sjølv sjølv om dei blir slått saman. Håpar at kommunen legg opp til tett samarbeid, hospitering, arbeidsplassbyte og liknande for å knytte avdelingane saman, samstundes må det ikkje gå på bekostning av behov for stabilitet og tryggleik for dei minste. Håpar at avdelingane kan ha fleire treffpunkt og gjere meir saman. Tilbakemeldingar frå medlem i SU at det var positivt å vere med på SWOT-analysen.

Sak 13/19: Eventuelt

- Behov for eit KFU-møte til før ferien, i byrjinga av juni?
Vi vurderer det ut frå behov for informasjon og tilbakemeldingar frå foreldre på viktige saker.
- Vi legg opp til eit møte med nye representantar tidleg i haust. Vi oppfordrar dei nye einingane til å velje nye representantar tidleg slik at vi kan halde eit møte tidleg på hausten.

Ref.
Tone Bøhn, pedagogisk konsulent

Merknad:
Det blir eit møte i KFU barnehage og skule 11.6.19 kl 18.00
Besøk frå Trygg Trafikk, tema: Seljord kommune som trafikksikker kommune
Innkalling med fullstendig sakliste blir sendt ut.